

**Notat**

Dato: 29.11.2018  
Arkivsak: 2015/8849-138  
Saksbehandlar: ingsetr

---

**Til:** Kontrollutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

## **Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i - Pkt 1b**

### **Bakgrunn**

Med bakgrunn i sak handsama i kontrollutvalet 12.mai 2018 om selskapskontroll av arkivplikt i selskap fylkeskommunen eig, kjem fylkesrådmannen her med ein status for arbeidet med oppfølging av journalføring i selskapa.

### **Status**

Retningslinene, som er vedteke av fylkesutvalet 1.februar 2018 og tidlegare handsama i kontrollutvalet, er oversendt selskapa med oppmoding om attendemelding på status for punkt 1b) at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring.

Vi har i skrivande stund fått skriftlege tilbakemeldingar frå alle selskapa.

Vi har motteke attendemelding frå selskapa Hordaland teater LL, Ferde AS, Gløde AS, Vestnorsk filmsenter, Sunnhordaland Lufthavn AS, Opero AS og Hardanger AKS AS. Desse selskapa stadfester at dei har gjennomført journalføring av dokumenter etter retningslinjer for arkiv og journalføring. Selskapa er kjente med kva krav dei er underlagt.

Vestnorsk filmsenter, Ferde AS, Hardanger AKS AS og Opero AS har sendt inn dokumentasjon som syner til at dei har gjort vurderingar av krava selskapa er underlagt knytt til arkiv og journalføring.

Fylkesrådmannen har ikkje instruksjonsrett over selskapa og har difor ikkje hatt moglegheit til å framlegge krav om status, men har henvendt seg til alle selskapa ved fleire høve og bedt om attendemelding på arkiv og journalføring.